

# Høyring reguleingsføresegner for Områdeplan for Lonena

## Gbnr. 185/284 mfl.

### § 1. Siktemål med planen.

Eg er ueinig i heile siktemålet for planen med å legge til rette for utvikling av Lonena som bustadområde. Eg meiner at dette området skal utviklast som eit friluftsområde og ikkje eit bustadområde.

Eg meiner at folkehelse skal gå før bustadbygging. Om lag 600 menneske bruker dette området kvar dag. Dei kjem frå heile nye Alver og også frå Bergen for å ha ei naturoppleving utan kjas og mas. Om det vert utbygging i området som er skissert, vil dette området miste mykje av sitt folkehelseaspekt.

Sjølv om ein er nær Knarvik sentrum, er det stille og roleg, utan støy frå motorisert ferdsel. Om Knarvik skal ha nokre støyfrie sonar, så er det rundt Brekkeløypa.

Er det behov får alle desse bustadane? «Knazen» er eit leilighetskompleks i Langheiane, og der har ein ikkje klart å selje ut alle leilegheitene i løpet av 2 år.

I Lynghaugen burettslag har det vore vanskeleg og få til sal av bueiningar. Ei leilegheit har lagt ute i over 8 månadar.

På folkemøtet 17/6 vart det sagt at det er Ca 2000 bueiningar som venter på klarsignal i Knarvik sentrum. Bygg ut der!

Kvifor byggje ut i Lonena? Kvifor ikkje vedta ein markagrense? Det vil seie at dei grensene til Lonena som er i dag ikkje vert endra.

**Eg har og ein del kommentarar til nokre av dei andre punkta.**

### **3.2.3 Støyrapport.**

Korleis kan ein drive å byggje utan støy? Den skisserte byggeperioden vil vare over fleire år og korleis kan ein bruke Lonena under byggeperioden med sprenging og gravemaskinar? Eg meiner dette punktet er alt for vagt.

«Støy frå bygge- og anleggsperioden skal også vurderast». Dette er alt for svakt.

På kva slags måte skal støy frå byggje – og anleggsperioden vurderast? Med kun ein (toppen to) tilfartsvegar til byggeområdet i aust, vil det verte mykje støy over ein lang periode for dei som bur der i dag.

Nytt punkt, dersom kommunen ikkje går inn for 0-utbygging: « Det skal stillast krav om at det skal byggjast med lite støy i byggeperioden»

### **3.2.4 Veg –tekniske planer.**

Vegane i området er ikkje demisjonert for meir trafikk. Etter dette høyrings dokumentet låg føre, er både den nye barneskulen og Lonstunet tatt i bruk. Kapasiteten er sprengt på vegane. Dersom kommunen ikkje går inn for 0-utbygging, kan ein ikkje byggje ut før tunnelen mellom Isdalstø og Hagelsundbrua er ferdig. Krysset ved Fv 57/ Gymnasbakken er sprengt, og det held ikkje med lyskryss.

Lys i krysset E 39 og Lonsvegen.

Viderføring av Lonslia er uaktuelt , ikkje eigna for trafikk.